



Voss, 18.juni 2024

## REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.4/24 i 4H Hordaland

<b>Dato:</b>	<b>16.juni</b>
<b>Klokka:</b>	<b>15.30-19.00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Åsane kulturhus</b>

### **Desse møtte til styremøte:**

*Fylkesstyret med vara: Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Marius Skar Kolås, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme, Synnøve Stokken, Hjalmar Ølvestveit, og Agathe Ølvestveit*

*Tilsette: Turid Sandstad Herland*

*Frå alumnklubben: Nicolaj Disselhorst (via telefon)*

### **Referatet er sendt til desse for orientering:**

*Kontrollnemnda: Ida Marlen Havn, Martha Gjerald og Agnete Flatnes Skarveland.*

<b>SAK 44/24</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
SAK 44/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 45/24	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 46/24	Orienteringssaker
SAK 47/24	Økonomioppdatering
SAK 48/24	Signeringsrett til Leif-Helge
SAK 49/24	Oppdatert møteplan
SAK 50/24	Medlemsskap i Vestland Landbruksselskap?
SAK 51/24	Landsleir 2024

SAK 52/24	Førebuing til Landsmøte
SAK 53/24	Ymse
SAK 54/24	Saker til neste styremøte

**Vedtak:** *Innkalling og sakliste vert godkjent.*

#### SAK 45/24 Godkjenning av referat frå sist styremøte

**Vedtak:** *Referat frå fylkesstyremøte 3/24 vert godkjent med eventuelle merknadar.*

#### SAK 46/24 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarleg
H.A.N.S.A. oppdatering	Nicolaj orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A.  Korleis ligg det an med senior og alumnsprell?	Nicolaj
Molvik 4H-gard	Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik.	Steffen
Klubbstatus	Turid gjer ein statusrapport for klubbane. <b>Turid har laga ein oversikt som ligg på teams.</b>	Turid
Landsleir 2024	Janniche og Synne orienterer om arbeidet med landsleir 2024.  <b>Da vert nytt hovudkomitémøte tysdag 18.6. Steffen møtte på forgje møte. Mykje er klart til leiren. Dei jobbar framleis med å få fleire frivelege.</b>	Janniche og Synne

Sal av profileringsklede	Turid oppdaterer om kor mange 4H Hordaland hettejakker og leirbukser me har igjen.  <b>Det ligg ein oversikt på teams. Me planlegg å selje bukser og hettejakker på tunmøta på landsleir.</b>	Turid
Nye profileringsklede	Janniche, Agathe og Vilde har arbeida med nye profileringsklede til fylket. Korleis går arbeidet?  <b>Dette vil bli tatt opp igjen til hausten.</b>	Janniche, Agathe og Vilde
Hettegenserar fylkesstyret	Fylkesstyret har snakka om å laga fylkesstyregensarar viss me kan søka støtte til dei, sidan pengane blei brukt på pique i år.	Heile styret
Under open himmel	4.-5.mai var det under open himmel på Molvik 4H gard. 116 stk. deltok og 80stk. overnatta. Det blei ein nydelig dag med øksekasting, grilling, bading, biesafari, leik og moro. Det blei og opna Norges minste frisbeegolfbane.	Leif-Helge
Distriktsmøter	Korleis går det med gjennomføringa av distriktsmøtene?  <b>Fleire har hatt distriktsmøte, nokon skal ha kommande veke og til hausten.</b>	Heile styret

Distriktsleirar	<p>30.mai-01.juni var det distriktsleir i Nordhordland. 07.-09.juni er det i Sunnhordland og Voss, Ulvik og Granvin. 14.-16.juni er det i Hardanger.</p> <p><b>Voss, Ulvik og Granvin var 100 deltakare. Det var 19 deltakare i Hardanger. Det var 36 deltakare i Nordhordland. Me må jobbe med å promotere distriktsleir.</b></p>	
Fylkesleir Rogaland og Sogn & Fjordane	<p>4H Hordaland er invitert på fylkesleiren til nabofylkene. Rogaland arrangerer fylkesleir 21.-23.juni og Sogn&amp;Fjordane arrangerer 8.-11.august.</p>	4H Rogaland og 4H Sogn&Fjordane
Juniorsprell	<p>Rune Solberg arrangerer juniorsprell på Hardangervidda 30.august – 1.september.</p>	Rune Solberg
Avslutningsseremoni HK	<p>Janniche, Steffen og Synne er godt i gang med planleggjinga av avslutningsseremonien for hovudkomiteen til Landsleir 2024, som skal vera på Voss i september. Det er sendt ut spørjeskjema om kva helg det passer best.</p> <p><b>Da vert for hovudkomitéen og komitémedlemmer fylkesstyret og tilsette. Arrangementet skal ha 18 års aldersgrense.</b></p>	Janniche, Steffen, Synne.

Deltakelse jubileumshaustfestar	Alle må ta kontakt med den klubben ein skal delta på jubileumshaustfest hos og informera om at du kjem, og få bekrefta at datoen stemmer.  <b>Oversikt ligg på teams.</b>	Heile styret
---------------------------------	---	--------------

### SAK 47/24 Økonomioppdatering

Janniche orienterar om økonomioppdateringa.

Så langt i år ligg 4H Hordaland godt an i forhold til inntekter. Me har hatt mange medlemmar på arrangement som gjer at me nesten har nådd målet om inntekter på deltakaravgift i budsjettet. På den andre sida har me ikkje brukt så mykje pengar som me har budsjettert med så langt i år. Fylkesstyret har vore flink til å tenke billig reisemåte til møter, men har på den andre sida brukt mykje pengar til instruktørar.

**Vedtak:** *Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.*

### SAK 48/24 Signeringsrett til Leif-Helge

For at Leif-Helge skal kunna signera dokument på vegne av 4H Hordaland treng han signeringsrett.

**Vedtak:** *Leif-Helge får tildelt signeringsrett.*

### SAK 49/24 Oppdatert møteplan

Møteplanen er oppdatert. Oppdatert møteplan ligg i teams.

**Vedtak:** *Oppdatert møteplan blir godkjend med eventuelle merknadar.*

### **SAK 50/24 Medlemsskap i Vestland Landbruksselskap?**

Synnøve Jørgensen har sendt inn sak til fylkesstyret om medlemsskap i Vestland Landbruksselskap. Innsendt sak ligg i teamsmappa.

**Vedtak:** Styret vedtar at 4H Hordaland framleis skal vere medlem av Vestland Landbruksselskap.

### **SAK 51/24 Landsleir 2024**

Det er 126 påmeldte frå 4H Hordaland til landsleir. Hovudleiar er Guro Kristi Holmberg. Det blir med 10 leiarar. Guro skal ha eit teamsmøte med alle leiarane og 19.juni er det møte for alle hovudleiarane. Det blir og eit teamsmøte for leiarane i Hordaland etter 19.juni. Det blir ingen fellesreisa då det blei for dyrt i forhold til kor mange som var interessert i fellesreisa.

Fylkesstyret må bestemma kva deltakarane skal betala for fellesutstyr som blir brukt under leiren for deltakarane frå 4H Hordaland.

Steffen har tatt hovudansvaret for grillinga for frivillige torsdagen før leiren byrjar.

**Vedtak:** Deltakarane skal betale 300 kr pr. person som skal gå til å dekke pris for leiare og uventa utgifter tilknytta leiren .

### **SAK 52/24 Førebuing Landsmøte 2024**

Janniche, Vilde, Steffen og Synne deltar på Landsmøte for 4H Hordaland.

Fylkesstyret må gå igjennom sakspapira slik at alle har tatt del i avgjerslene. Synne har sendt link til sakspapira i messengergruppa. Dei ligg og på 4H.no under arrangement – Landsmøte.

**Vedtak:** Fylkesstyret må gå igjennom sakspapira slik at alle har tatt del i avgjerslene.

### **SAK 53/24 Ymse**

### **SAK 54/24 Saker til neste styremøte**

- Godkjenning av innkalling og saksliste

- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte
- Styrevervskurs, inspirasjonssamling og årsmøte
- Ansvarsfordeling til årsmøte
- Revidering av Fylkesleirinstruks
- Handlingsplan